



Returadresse:
Postboks 6499 Etterstad, N-0606 OSLO

Vår dato
3. juni 2016

Dykkar dato

Saksbehandlar
Arne Lutro

800 80 000
skatteetaten.no

Dykkar referanse

Telefon
41 43 22 43

Org. nr:
991733108

Vår referanse

Postadresse
Postboks 8103
4068 STAVANGER

Ordførarar i kommunar der Skatteetaten foreslår å avvikle skattekontor

Invitasjon til orienteringsmøte om ny kontorstruktur i Skatteetaten

Vi viser til tidlegare brev om utgreiing av ny kontorstruktur i Skatteetaten, sendt 21. november 2014 og 24. mai 2016.

Etter oppdrag frå Finansdepartementet starta Skattedirektoratet i juni 2014 arbeidet med å greie ut og vurdere Skatteetaten sin framtidige kontorstruktur. Skattedirektoratet sitt forslag til ny kontorstruktur vart sendt til Finansdepartementet 1. juni 2016.

For Skatt vest medfører forslaget, viss det blir vedteke, ei samanslåing av skattekontor i våre tre fylke, frå 22 til 10 kontor i framtida. Forslaget inneber at 12 kontor stengjer for publikum 1. juni 2017, med ei gradvis overføring av tilsette til dei 10 attverande skattekontora i regionen. Forslaget til ny kontorstruktur ligg no til handsaming i Finansdepartementet. Sjå heile rapporten her: <http://skatteetaten.no/kontorstruktur>.

Vi ønskjer å orientere dei kommunane dette gjeld om innhaldet i rapporten. Vi inviterer med dette til orienteringsmøte i Bergen for ordførarar/rådmenn i kommunane Time, Strand, Suldal, Stord, Kvinnherad, Odda, Os, Sogndal, Årdal, Fjaler, Flora og Vågsøy.

Tid: 22. juni 2016, kl. 12.00 inntil kl.14.30

Stad: Nonnesetergaten 4, Bergen

Dersom de ikkje har høve til å møte fysisk, kan de delta på video frå eitt av våre skattekontor.

Ver vennleg å send ei tilbakemelding til Arne Lutro (arne.lutro@skatteetaten.no) innan 15. juni 2016 om kven som møter i Bergen eller på video.

Med helsing

Karl Husabø
Regiondirektør
Skatt vest